

Fra: Atle Tornes
Sendt: 18. september 2017 10:06
Til: 'pal.karbo@hfk.no'
Kopi: Wenche Tislevoll
Emne: Kystsoneplan - merknad frå Fitjar

Hei.

Under tilvising til dialogmøte sist fredag sender me Fitjar sine kommentarar til den føreliggjande planen:

Fitjar kommune har i gjeldande kommuneplan, som er overført til kystsoneplanen, svært lite areal som er øyremerkt til oppdrett, og halvparten av areala ligg inne i forslaget til arealsone landskap. 6 lokasjonar, og 3 aktive anlegg, er innanfor arealsona, med kvar sin konsesjon på 780 MBT. Dei har dermed behov for utviding.

Alle areala våre er svært små, og har knapt nok plass til eit moderne anlegg med fortøyningar. Det er i planen heller ingen areal som det kan opnast for nye anlegg.

1. Me har difor eit sterkt ynskje om å få lagt inn eit areal til oppdrett i nordre del av arealsona for landskap, som vist i vedlegg 2, bokstav I, ut mot Selbjørnsfjorden. I vedlegg 1 viser me til det som var eit forslag til slikt areal frå styringsgruppa. Det har me behov for å utvida mot vest, det som er vist med påteikna raudt i vedlegg 2.
2. Vidare har me eit ynskje om at det kan bli opna for oppdrett frå Fodno til Hageberg(bokstav II), som vist med blått i vedlegg 2, og påteikna med raudt utanfor, for å få nødvendig plass til eit anlegg. Dette må kunna vera fleirbruksområde.

Med dei to aukene i areal til oppdrett vil me framleis ha mindre areal til oppdrett enn dei fleste kommunane rundt oss.

Så har me behov for to mindre tekstlege endringar i retningslinene:

- a) 3.1.3. retningsline for Fitjarøyane, bør lyda slik: Intern flytting av eksisterande AK- område innanfor landskapsområde Fitjarøyane kan vurderast gjennom planarbeidet (kommune- blir stroke). Nye lokaliseringar skal utgreiast og vurderast med omsyn til arealverdiane i Fitjarøyane (Resten strykast).
- b) 3.3.2. I utgangspunktet er fortøyningar inkludert i arealsonane. Kommunane må kartleggja faktisk situasjon og detaljera arealsonane som del av planarbeidet (kommune strykast- ein kan ikkje laga ny kommuneplan for å leggja ut fortøyning).

Me vonar dette kan takast omsyn til.

Med venleg helsing

Atle Tornes

Rådmann